



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Finansministeren

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
20/5750 -

Dato
25.09.2020

Spørsmål til skriftleg svar nr. 2693 frå stortingsrepresentant Ingrid Heggø: "Kor mange nullskatteyttere vil det bli dersom ein fjernar formuesskatten heilt og kor mykje betalar desse i gjennomsnitt i skatt idag?"

Eg viser til brev 21. september 2020 frå Stortingets president med følgjande spørsmål frå stortingsrepresentant Ingrid Heggø lagt ved:

«Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til finansministeren: Kor mange nullskatteyttere vil det bli dersom ein fjernar formuesskatten heilt og kor mykje betalar desse i gjennomsnitt i skatt idag?»

Begrunnelse:

I lys av den debatten som er om formuesskatten idag så ville det vore fint å fått eit oppsett over kor mange nullskatteyttere det faktisk vert fordelt på intervall. Finansdepartementet har sagt at dersom formuesskatten hadde blitt fjerna, ville antallet personer som ikkje betaler personlig inntektsskatt eller formuesskatt, auka med om lag 25 300 personer.

Det hadde vore fint å fått svaret også på gjennomsnitt i intervaller på Negativ, 0-500 000 kr, 500 000 - 1 mill., 1-5 mill., 5-10 mill., 10-50 mill., 50-100 mill., over 100 mill.»

Svar

La meg først understreke at regjeringas mål nedfelt i Granavoldenplattformen er: «Fortsette nedtrapping i formuesskatten for arbeidende kapital.» Spørsmålet som vert stilt, går difor lenger enn det som er nedfelt som regjeringas mål.

Det er anslått at fjerning av formuesskatten i 2020 vil auke talet på personar som ikkje betaler personleg inntektsskatt eller formuesskatt dette året med om lag 30 300. I 2020 betalar dei i gjennomsnitt 21 400 kroner i formuesskatt. Departementet peiker på at heile skattesystemet og den samla skattlegginga er relevant når ein skal vurdera bidraget til skatteinntektene frå

ulike kjelder. Næringsverksemd bidreg med skatteinntekter til fellesskapet gjennom selskapsskatten. Det gjeld også om eigarane enkelte år betaler lite i personleg inntektsskatt. Eigarar av finansformue og næringsverksemd kan óg ha null eller negativ inntekt enkelte år fordi dei realiserer tap og ikkje betaler personleg inntektsskatt. Andre år kan inntekta vere positiv, slik at det vil gi eit riktigare bilete å sjå fleire år under eitt.

Representanten Heggø spør korleis talet på personer som ikkje betaler skatt fordeler seg på ulike formuesintervall og kva gjennomsnittleg endring i skatt blir i dei ulike intervalla. Talet på personer i dei nemnte intervalla over 10 mill. kroner er færre enn minstegrensa SSB nyttar for ei enkelt gruppe av personar. Difor er intervalla over 10 mill. kroner slått saman i tabell 1 nedanfor.

Tabell 1 Auke i antall personar 17 år og eldre som ikkje vil betale inntektsskatt eller formuesskatt i 2020 ved fjerning av formuesskatten, fordelt etter nettoformue. Gjennomsnittlig nettoformue og gjennomsnittleg endring i skatt for desse personane. Negative tal betyr lettelsar. Anslaga er rekna i forhold til skattereglane som gjaldt fram til Revidert budsjett 2020

Beregnet nettoformue	Antall	Gjennomsnittleg nettoformue. Kroner	Gjennomsnittleg endring i skatt. Kroner
0 - 500 000 kr	4 200	173 700	-500
500 000 kr - 1 mill. kr	2 500	747 400	-2 000
1 -5 mill. kr.	17 100	2 751 600	-5 700
5 -10 mill. kr.	4 600	6 646 600	-17 100
Over 10 mill. kr	1 800	45 251 500	-255 500
I alt	30 300	5 362 300	-21 400

Kilder: SSBs skattemodell, LOTTE-Skatt.

Anslaga er baserte på Statistisk sentralbyrås skattemodell, LOTTE-skatt. Datagrunnlaget for modellen er eit utval frå Statistisk sentralbyrås inntektsstatistikk for hushald for 2018. Denne statistikken gir informasjon om samansetjinga av inntekt og formue for heile befolkninga. Datagrunnlaget er framskriva til Revidert nasjonalbudsjett 2020, og omfattar ikkje skatteendringar i samband med Revidert budsjett 2020 eller seinare skatteendringar. Utrekningane kan vere usikre mellom anna fordi datagrunnlaget ikkje omfattar alle skattytarane og er sjablongmessig framskriva.

Modellen tek heller ikkje omsyn til moglege endringar i åtferda som følgje av endringar i skattereglane.

Med helsing

Jan Tore Sanner